


Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - februar 2026 58. årg.

Frå ordinasjon i Time kyrkje 1984. På bilete frå venstre:
Ivar Ramvi, Sigurd Matre, Sigurd Lunde, Leif Andenes,
Stein Ødegård, Ole Gunnar Sæbø og Jens Bjelland



Fasteaksjonen 2026

side 4



Avskjedsintervju med
Stein Ødegård

side 8



Ny kyrkjetenar i Time

side 12



Kulturkveld i Brynekyrkja side 17

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
 Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
 Inngang frå Saronsbrotet
 heimeside: www.timekyrkjene.no
 post.time@kirken.no
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
 Diakon Time og Undheim:
 Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
 Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
 Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
 Assisterande kyrkjevevjerje:
 Siri Vik tlf. 906 43 758
 Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time
 Heimeside: www.timekyrkja.no
 Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hansen tlf. 990 22 872
 Ungdomsarbeidar: Sigve Hansen tlf. 926 51 896
 Kyrkjetenar helg: Sondre Vassbø tlf. 954 18 820
 Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974
 Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Klokkar: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
 Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
 Heimeside: www.brynekyrkja.no
 Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
 Menighetsarbeidar: Silje Myklebust tlf. 909 96 352
 Dagleg leiar:
 Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
 Ungdomsleiar: Oda Vik Straume tlf. 941 95 850
 Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504
 Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825
 Kyrkjelydsutviklar:
 Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim
 Heimeside: www.undheimkyrkja.no
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
 Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
 Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@kirken.no
 Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no
 Undheim sokneråd: undheim.soknerad@kirken.no

Gudsteneste er kjedeleg

TEKST: NADINE VAAGEN

«Gudsteneste er kjedeleg», seier åtteåringen og kikkar spent på meg. Korleis vil preste-mammaen takla denne provokasjonen? Reaksjonen er nokså avmålt. Eg har jo høyrte det før. Ikkje berre éin gong og ikkje berre frå konfirmantar som eg treffer annakvar veke, men også frå vaksne i alle aldrar. Og eg er samd: Gudsteneste er kjedeleg. Det er ingen rask dopamin-kick her. Inga moglegheit for å skrolla vidare når eg ikkje får noko ut av talen, eller ikkje liker den salmen som blir sunge.

Gudsteneste er kjedeleg - og ho bør vera det. Sjølv dei mest kreative og livsnære gudstenester inneheld element av keisemd, om det no er gjentakningar i liturgi eller i lovsong. Gongen er meir eller mindre den same søndag etter søndag. Same bønnene, same orda som går på repeat. Det er ikkje uheldig. Det er sånn det skal vera. For det gjentakande har funksjonen sin: Nemleg å opna eit rom for det useielege og leggja til rette for eit Guds-nærvær, eit Guds-møte (som då blir alt anna enn kjedeleg).

Det er interessant at vekkingar, som i Høyland kyrkje på Sandnes (1956), på Vigeland (2022) eller på Asbury University (2023) skjedde innanfor nokså enkle rammer. Ingen spektakulære sceneshow, ingen karismatiske forkynnalarar. Møteforma var enkel, for å ikkje seia kjedeleg. Likevel (eller nettopp på grunn av det?) skjedde det noko. I England og Wales ser me ei rørsle som blir kalla «quiet revival», ei stille vekking. Igjen: dette kjem ikkje av ei storslått

gudstenestereform eller nye, moderne uttrykksformer. Det britiske Bibelselskapet kom i fjor med ei undersøking rundt denne vekkinga. Gudstenestedeltaking har auka med rundt 50 %. Tankevekkjande med undersøkinga synest eg var, at 34 % i aldersgruppa 18-24 år som ikkje går regelmessig på gudsteneste, ville vorte med om ein venn inviterte dei. Eg lurar på: Er det nokon som ber dei med? Med meg sjølv veit eg at eg ikkje ofte ber med andre på gudsteneste. Sjølv om eg jobbar i bransjen. Sjølv om eg, dei få gongene eg har gjort det, har fått eit positivt svar. Sjølv om eg nokre gonger sjølv har kjent at terskelen for å dukka opp åleine på ein ny arena vart for høg. I boka si «The unchurched next door» (2003) la Thom S. Rainers fram følgjande tal for USA: 82% av dei som ikkje går på gudsteneste, er opne for å bli med om dei hadde vorte inviterte. Men berre 2% av kyrkjemedlemmer inviterte med seg nye. For ein mismatch! Sjølv om tala er gamle og ikkje gjeld Noreg, trur eg dei speglar noko av røyndommen vår òg. Tala utfordrar meg. Kvifor inviterer eg så sjeldan nokon med på gudsteneste? Tenk om folk er meir klare for å bli med enn eg trur?

Gudstenestetilbodet i dei fire kyrkjelydane våre er svært variert med kreative innslag, livsnær forkynning og ein passe dose keisemd. Me har god grunn til å vera meir frimodige og invitera med oss fleire. Misjonsbefalinga har ikkje gått ut på dato. Tenk om kjedeleg er det nye gøy!

Framsidefoto: Sokneprest Stein Ødegård ordinert av biskop Sigurd Lunde i Timekyrkja 1984. Foto: Privat

Utgtt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad.
 Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen.time@kirken.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 23. februar.

Nærmere deg, min Gud

Tekst: Sarah Adams, 1840

Oversatt: Gustav Jensen, 1915

1. Nærmere deg, min Gud,
nærmere deg,
om det et kors enn er
som løfter meg!

Synes meg veien trang,
er det dog all min sang:
Nærmere deg, min Gud,
nærmere deg!

3. Stigen jeg skuer reist
mot himlen opp.
Englene ferdes der
til høyest topp.
Nåde er all din vei,
oppad den fører meg,
nærmere deg, min Gud,
nærmere deg!

5. Evige Gud, til deg
lengter min sjel.
Herre, du alltid er
min lodd og del.
Tung eller lett min gang,
alltid det blir min sang:
Nærmere deg, min Gud,
nærmere deg!



BLIFADDER!

www.blifadder.no

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen

Helgedagen sin utsende møtte Oddvar Linde og dottera Elisabeth på Bryneheimen rett over nyttår. Det vart ei feststund. Praten gjekk lett, og her var mykje å fortelja.

Oddvar er frå Vik i Sogn. Den finaste staden i Noreg!
Yngst av 10 søsken.

Oddvar kan mange salmar. Ein salme hugsar han spesielt godt.

Som liten gut var han med på midnattsgudsteneste i kyrkja nyårsaftan. Han vakna i fanget til mor av nydelege tonar frå koret faren dirigerte; «Nærmere deg, min Gud». «DEN KLANGEN, det gløymer eg aldri».

Eg ser ein eldre mann som lyser opp berre minnet av dette kjem fram.

Oddvar har sjølv sunge i faren sitt kor. Der starta han då han var ferdig med stemmeskiftet.

Faren var lærar, organist og kordirigent. Han lærte borna i skulen å syngja, og gav vidare kunnskapen om den norske songskatten.

Under krigen var det gudsteneste annankvar søndag. Den søndagen (om sommaren) det ikkje var gudsteneste, hadde faren andakt i hagen.

Nabohuset deira var okkupert av tyskarane. Oddvar hugsar det kom ein tysk soldat derifrå som vil vera med på andaktane i hagen. Det gjorde sterkt inntrykk på han at denne tyskaren, som eigentleg var ein fiende, blei ein ven.

Etter at Oddvar flytta heimanfrå, vart han med i blandakor der han studerte og seinare arbeidde. Kan nemna Firda og Sygnakoret i Bergen, Fjellklang blandakor i Ålvik og Vik songlag i Vik i Sogn. Å syngja med på Hallelujakoret frå Händels "Messias" i stort felleskor på ulike songarstemne står framleis som ei mektig oppleving.

Oddvar Linde og
Elisabeth Linde Dahle.



DET ER HÅP I EIN DROPE VATN

FOTO: Håvard Bjelland / Kirkens Nødhjelp

vipps
2426



KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 22.-24. MARS 2026

Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom, krig og konflikt. Bli med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det mest. Støtta frå deg reddar liv.

VIPPS til 2426
www.fasteaksjonen.no



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Fasteaksjonen. Frå venstre Tobias Rosseland, Simen Stangeland Horpestad, Hedda Borgenvik Kristiansen og Samantha Larssen Collins
Foto Ingfrid Time Nærland.

Fasteaksjonen 2026, tysdag 24. mars

Nå nærmar det seg årets Fasteaksjon. Denne dagen kjem det besøk på døra di, dei startar å gå frå ca. kl. 18:00 og utover. Ta vel imot dei når dei kjem.

TEKST: MARIT HØIE HETLAND

Over heile Noreg gjer konfirmantar og konfirmantforeldre seg klare til å samle inn pengar denne dagen til tiltak som reddar liv rundt om i verda. Det gjer me her i Bryne, Time og Undheim òg. Fasteaksjonen er konfirmantane sin innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp, og tema er «Håp i ein dråpe vatn». Dette er heile kyrkjelyden sin aksjon, og du kan bidra med å støtte aksjonen når konfirmantane og konfirmantforeldra våre kjem på døra med bøssene.

- Ta vél imot dei, og gi dei gjerne litt i bøssa når dei kjem. Og har du ikkje kontantar heime, så kan du vippsa pengar på vipps.nr. 2426. Vipps gjerne medan du står i døra saman med konfirmantane. Pengane som kjem inn på vipps blir registrert på Bryne, Time og Undheim sitt resultat på same måte som kontantar.

Tusen takk for støtta til Fasteaksjonen, det gjer godt å få lov til å stå saman om å spreia håp i verda.

MIN FØRSTE KOBLING TIL BRYNEKYRKJA

Det var ved mitt første barnebarn sin dåp sommeren 2004. Etter gudstjenesten presenterte Etiopiamisjonær Olga Sandved oss for organisten Per Olav Egeland.

Ivar Egeland, far til Per Olav, var tidlig på 60-tallet lege ved hospitalet i Gidole, langt sør i Etiopia. Mine foreldre hadde totalt 22 år som misjonærer i landet, mange av årene på denne stasjonen. Slik har det seg at både Per Olav og jeg ble født nettopp i den lille byen.

Sommeren 2019 flyttet jeg fra Sørlandet til Kleppe – for å komme nærmere mine tre barn og voksende gruppe barnebarn.

I starten av min pensjonisttilværelse fikk jeg med meg at Terese Bue Kessel skulle dele fra sitt liv som misjonærbarn – på Torsdagstreff i Bryne kirke: det ønsket jeg å få med meg! Kan skyte inn at fra mitt ståsted ble det en opplevelse av at Terese og min livserfaring – tross ulikhetene – føltes som en tilnærmet lik opplevelse. Det viser at til tross for det som uten tvil har vært en barndom med adskillelse fra foreldre og internatopplevelse – så har det kunnet bli en bra totalopplevelse og et fullverdig liv med mange anderledes opplevelser. Samtidig har vi begge og mange



I høst fikk jeg gleden av å besøke foreldrene til Per Olav, Målfrid og Ivar i Sandnes! Foto Privat.

med oss full forståelse for at for mange har et slikt liv skapt mye og krevende utfordringer.

For meg ble det naturlig å holde på tilknytningen til Misjonssambandet – sikkert noe fordi barne- og ungdomsarbeid inkludert leirarbeid ble en god styrke i koblingen til et liv i Norge. I Klepp ble Betania bedehusforsamling på Klepp Stasjon mitt åndelige

hjem. Samtidig er jeg svært takknemlig for at kirkene / menighetene på både Klepp og Bryne oppleves gode å komme innenfor i. Jeg har fortsatt å være med på Torsdagstreffene, og Midnattsmesse på Bryne har visst blitt min tradisjon. Er det ikke litt «Slekt skal følge slekters gang» i dette da?!

Hilsen Inger Pramsnes Birkeland





Ropet

I dag har eg lyst til å stansa opp med ein salme-tekst skriven av Eyvind Skeie. Teksten er stila som ei bøn frå alle som lid under vanskelege kår til kyrkja, altså dei som trur, om å be for verda.

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

Dei forfattaren ber på vegne av, er dei som lengtar, dei som sørgjer, og dei som lid under vondskap. Det er ei bøn på vegne av dei som er einsame, dei som lever med krig og truslar, dei som synest livet er tomt, dei som svelt og dei som er redde for klimasituasjonen på jorda.

Det er og ei bøn om at alle som lever på jorda skal få håp og gode draumar for framtida.

Sjølv om me bur i relativt trygge og fredelege kår på Jæren, trur eg alle som les dette til tider kjenner seg att i minst ei av dei gruppene som treng forbøn. Mange av oss som les dette har trua på ein god og kjærleg Gud,

og ein del av oss identifiserer oss i tillegg som dei som er og representerer kyrkja.

Eyvind Skeie skreiv denne salmen i 2002. Han la nyleg teksten sin ut på nettet igjen, fordi me lever i ei tid som lett kan sjå at dette er eit rop som gjeld oss alle.

Eg har vore i kontakt med forfattaren og fått lov til å bruka denne teksten i Helgedagen. Eg oppfordrar oss alle til å lesa salmen sakte og med ettertanke, og eg oppfordrar alle, både dei som ber ofte og dei som ber sjeldan, og kanskje bare i smug, til å vera med på å be saman med kyrkja.

Tekst: Eyvind Skeie 2002

Melodi av Jan Borvo 2006

316 salmer og sanger nummer 240

1. Hør, nå roper det mot kirken: Se oss, vi er de som lengter. Trøst oss, vi er de som sørger. Hjelp oss, vi er de som lider.

2. Vi er de som er blitt rammet av tilfeldighet og ondskap. Fylt av bitterhet og klage spør vi hvem som kan befri oss.

3. Hør oss, dere som er mange: Vi er små og helt alene. Be en bønn om håp og fremtid for de redde barn som gråter.

4. Be for oss som ikke sover i de store, mørke byer. Vi er ensomme i mengden, be oss fri fra denne tomhet!

5. Be for oss som dyrker jorden, uten at den gir sin grøde, be om mat til oss som sulter, be for oss som frykter krigen,

6. Bær en bønn for hele jorden frem for Skaperen av verden, be for luft og atmosfære, be for jord og hav og elver.

7. La oss få, om det er mulig, noen drømmer om det gode. Lån oss tro, så våre bønner kan nå lenger enn vi makter.

8. Kom med kraften som kan bryte hevnens skjebnetunge sirkel. Vi er fanget, gi oss frihet. Vis oss nåde, hvis den finnes!

9. Ja, vi roper til de kristne, de som bærer korsets merke: Elsk oss, slik som Jesus elsket, han som gav sitt liv for andre.



AVSKJEDSINTERVJU MED STEIN ØDEGÅRD

Etter over 17 års teneste som prest i Bryne, har no Stein Ødegård bestemt seg for å verta pensjonist frå 1. mars dette året. Helgedagen møtte Stein på kyrjekontoret ein kald vinterdag i januar.

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

Korleis var vegen din til prestekall og gjerning?

Det kom nokså overraskande. Eg hadde mykje god ballast med meg heimanfrå og var godt engasjert i kyrkjeleg ungdomsarbeid og likte prestane i Time, men det var først i gymnastida at eg fekk signal frå andre om at du bør / må verta prest! Kom ikkje på dette sjølv. Det modnast i meg, og eg tok etterkvart tilbakemeldingane på alvor og søkte MF i Oslo.

Korleis har den teologiske utdanninga di forma deg som prest?

Eg kunne ikkje vore utan den. I tida på MF fekk eg vener for livet. Faktisk har 6 av oss hatt årlege treff no gjennom godt 35 år - utruleg gjevande

Det å møta eit stort student-mangfald lærte meg mykje, ikkje minst å kunna møta andre med respekt og forståing. Og så var studiet å setja sentrale sider av trua og kyrkja si historie under lupa. Kor er gullet i kristen tru og etikk? Står trusgrunnlaget seg når du granskar det ærleg og ser Bibelen i lys av teologisk forskning? For meg stod det seg og har nok gjort meg grunnleggjande trygg i trua, utan å tru at dette vil vera like sjølvstøtt for andre.

Kort om prestetenesta di før du kom til Bryne i 2008?

Etter studiet vart eg ordinert av

biskop Sigurd Lunde i Timekyrkja i 1984 – ein stor dag for meg! Så bar det til Tokke i Telemark der Liv Torunn og eg var prestefolk i 6 år. Hadde ansvar i 5 sokn. Så drog eg vidare til Lyngdal som kapellan. Der vart me verande i 10 aktive år! Då kom det spørsmål om å koma til Evje/Hornnes/Iveland. Hadde 8 gode år der før me fekk vita at det vart ledig stilling som prest i Bryne. Kunne det vera noko betre når Brynetoget plutsleg stod på perrongen? Både eg og Liv Torunn er timebuar og har hjarto våre her.

Eg og familien har hatt det godt og meningsfullt i 3 prestegardar og kyrkjeliv sør-austover. Men i Time kan eg vera prest med heile bagasjen min av oppvekst, minne, kultur og folkelynne. Eg og folk kan treffa kvarandre rett på. Og slik har det vorte. Utruleg takksam for det!

Korleis har Brynesoknet utvikla seg dei åra du har vore her?

Bryne har jo vore gjennom ein voldsom vekst, har vorte «byen på Jæren» med større mangfald og fleirkulturelle uttrykk. Både næring, kulturliv, idrett, skulesatsing og enkeltpersonar set Bryne solid på kartet og gjer at veldig mange er stolte av å høyra til her. Det same gjeld kyrkesoknet. På mange måtar har Brynekyrkja ei imponerende evne til å fornya seg. Mange er glade i kyrkja og legg ned stor innsats for å gjera henne til ein samlingsplass som rommer mange, og heile livet.

Stein ved alteret
i Bryne kyrkje.
Foto Privat.



Så vert jo kyrkja på Bryne kalla «den opne famns kyrkje» - kva betyr det for deg?

At kyrkja skal vera lett å koma til, varm å vera i, raus i møte med folk der dei er, og gje hjelp til å kjenna seg omslutta av Guds kjærleik og vera i hans gode famn. Eg håper eg har inspirert tydeleg til dette og vore raus og sloppe alle til

Kva prosjekt, initiativ eller endringar er du mest stolt av å ha vore med på å setja i gang eller leia?

Ja, det var det då? Eg liker veldig godt å trø inn i opne dører, eller opna dører og byggja bru til andre. Eg er stolt av fellesgudstenesta på Jærdagen og mykje godt samarbeid med kulturliv, organisasjonar og festivalar

Men mest? Det står jo eit varig og unikt glasmåleri og lyser ut i byen og inn i det som skjer i kyrkja. Å vera så midt i alle prosessar knytta



Smieparken august 2023.
Foto: Kjell Ragnar Thu.

Det er ein umåteleg stor og viktig ressurs i vår kyrkjelyd som me må ta godt vare på. Eg har likt veldig godt å få heile kyrkjelaget til å samarbeida om felles visjon og gode planar



Stein i samtale med løva. Foto: Privat

til glaskunsten, i samarbeid med byutvikling, kommune, eldsjeler og spleiselag, var veldig gildt. Eg lærte mykje, gav full gass sjølv, og er nok rett og slett ganske stolt av dette store løftet som mange ville

vera med på. Eg trur det gav tillit og kontaktar som har betydd mykje for heile prestetenesta i Bryne.

Her vil eg òg nemna dei mange frivillige som er med å dra lasset.

Kva håper du å ha bidratt med desse åra som prest i Time kommune?

Sigurd Lunde ordinerte meg til prest til å vera «glad i Jesus og vera glad i folk». Det har vore ei bøn og ei leiestjerne for meg sidan. Eg er - og vil - vera glad i Jesus og glad i folk, i det eg forkynner og i måten eg møter andre på. Alle fortener å verta møtte med respekt, interesse og varme. Alle er verd å få ha Jesus som ven, rettleiar og frelsar. Eg håper eg har fått vera noko for enkeltmenneske, som gav mot på livet og opna vegen for Jesus.

Og så håper eg at eg fekk forkynna varmt om Jesus og byggja fellesskap slik at me er mange i Time som kan vera gode lys for dei som er ein del av liva våre!

Helgedagen vil takka Stein Ødegård for godt samarbeid – i alle år – og ønskja han Guds signing og lukke til med pensjonstilværet.

– Sett ord på det vanskelige

Da han slet med livet, ble en samtale med moren første steg på veien ut av tankekjør og rus. Nå hjelper han selv andre ved å være frivillig i Kirkens SOS

Rogaland

AV VILHELM VIKSØY

– Jeg var i en situasjon der jeg trengte hjelp, sier Jostein når han ser ti år tilbake i livet. Da slet han både med rusmidler og livet generelt.

– Det var mye i livet og tankekjøret var stort. Den raske løsningen ble rusen. Den hjalp jo der og da. Det dempet ubehaget, og det var jo på en måte det jeg trengte. Det ble en form for medisin – men det var jo egentlig ikke det, sier han.

For det som først var en hjelp, ble fort en del av problemet. Rusen overtok, han mistet venner, mistet kontakten med familien og jobben holdt på å ryke med.

– Til slutt blir du avhengig av rusmidlene for å kunne gjøre ting, for å sove og får å få litt fri fra hodet. Det som var den enkle quick-fixen i starten, ble nå en del av problemet.

Jostein trengte hjelp, og hjelpen kom fra uventet hold. Fra en ærlig samtale med moren.

– Jeg tok kontakt med moren min og begynte å snakke om problemene – og snakket ærlig om dem. Da viste det seg jo at det var et helt hjelpeapparat der ute som var klar til å hjelpe meg, forteller Jostein.

Den neste overraskelsen var at han ikke var alene om å ha det vanskelig.

– Nei, jeg var jo ikke det. Det var en hel drøss med folk som var i samme situasjon som meg, sier han undrende.

Etter hvert som livet kom på rett kjøll, kom også ønsket om å være til hjelp for de mange han visste slet med livet. At det ble Kirkens SOS som ble hjelpestedet, har NRK ansvaret for.

– Jeg satt og så på serien Rådebank, og en av episodene traff meg veldig. På slutten kom det opp en plakat med «trenger du noen å snakke med», og der stod Kirkens SOS. Jeg tok kontakt for å høre og var litt spent på om de kunne bruke meg med min historie. Det kunne de, forteller han.

Nå har han vært frivillig i flere år, både på telefon og chat. Samtaleerfaringen han har fått, bruker han også i jobben som leder. Livet er nå et helt annet sted enn for ti år siden, men erfaringene er en del av livsbagasjen han kan bruke i møte med andre.

En av de viktigste erfaringene han gjorde, var hvor viktig det er å gi lyd til livet.

– Det er ikke alltid lett, men det hjelper. Det er mange måter å få hjelp på, og min erfaring er at hjelpen kommer ved å snakke ærlig om det vanskelige, sier Jostein.

– Så snakk om livet før det blir ordentlig krise, ikke la det gå så langt som det gjorde for meg.





- Før du blir frivillig gjennomgår du grundig opplæring, inkludert prøvevakter.
- Du får unik samtalekompetanse
- 2 vakter i måneden på 5 timer.
- Faglig veiledning og oppfølging

Les mer: www.kirkens-sos.no/frivillig

Plass for erfaringene

Livsbagasje er ingen hindring for å bli frivillig i Kirkens SOS, det kan snarere være en ressurs.

– Historien til Jostein er ikke unik. Vi har mange frivillige hos oss som har med seg smertefulle erfaringer fra livet. Ja, hvem har vel ikke det? Sånn egentlig, spør Vilhelm Viksøy, rådgiver ved Kirkens SOS retorisk.

Det som er sunt er å ha en viss distanse i tid og at det vanskelige er bearbeidet, slik som for Jostein.

– Jeg liker bildet med steinene i båten. Dersom du legger rullesteiner i en båt, vil de begynne å bevege seg så fort uværet kommer. Da blir båten ustabil. Men hvis steinene blir plassert trygt i kjølen, blir de ballast som gir hjelp og tyngde i stormen, sier han.

Akkurat nå planlegger Kirkens SOS nye innføringskurs for frivillige til våren. Et av dem er fysisk i Hillevåg.

– Under koronaen ble alle innføringskursene gjort digitale. Det har vi fortsatt, faktisk seks av dem. Men vi har savnet de fysiske kursene og i høst startet vi opp igjen med eget kurs. Det fortsetter vi med til våren med oppstart 3. mars.

– Så hvis du kjenner at det å hjelpe andre ved å være til stede på telefon eller chat, er det bare å ta kontakt med oss. Vi trenger alltid frivillige, for nøden er ikke blitt mindre, sier Vilhelm Viksøy



«Kreti og pleti»

Tone Løwe driv med coaching. Ho har ein podkast ho kallar «Kreti og Pleti fra Løwens hule». På Jessheim har dei eit kulturhus som dei kallar «Kreti og Pleti.»

TEKST: IVAR JOHANNESSEN

«Kreti og pleti» høyrer vi av og til, nøytralt eller litt nedsetjande. Då gjerne om «alle slag folk», som gamle og unge, rike og fattige og så vidare. Uttrykket kan og verta nytta om ting, for å famna ulike ting som ikkje treng å ha noko med kvarandre å gjera.

Vi finn opphavet til uttrykket i Det gamle testamentet. Kreti er tolka som folk frå Kreta, eller kretarar. Pleti trur ein kjem av pletarar, eller filistarar. Både kong David og andre kongar hadde soldatar frå desse folkeslaga i si teneste. Ein tenkjer då at dei var ein vaktstyrke, og leigesoldatar. I nokre eldre omsetjingar av Bibelen vert ordet «livgarde» nytta.

I fyrste Kongebok, kapittel 1, kan vi lesa ei spennande historie om då ein av sønene til David ville verta konge etter faren ved å ta makta i eit kupp. Kong David var svært gamal og svak, og helst sengeliggjande. Då samla sonen Adonja folk rundt seg, og let seg feira som den nye kongen. Dette fekk mellom anna Batseba, mor til Salomo, høyra. Ho gjekk då til David og spurde om han hadde sett Adonja til konge etter seg. Profeten Natan kom og inn til kongen, og spurde om det same. Då organiserte kong David innsetjing av sonen Salomo til konge. Han sende også med livvakta si, kretarane og pletarane, for at ikkje Adonja og hans folk skulle stoppa innsetjinga. Les meir i 1.Kong. 1.

Ny kyrkjetenar i Time-kyrkja

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

I Time-kyrkja har me i mange år hatt kjekke ungdommar som medarbeidarar, både i klokkarjobben og som kyrkjetenar. Etter kvart som dei “veks til” og reiser ut i verda for å utdanna seg vidare, treng me nye. I august kom ein ny ungdom på plass bak spakane: Sondre Vassbø. Han er 16 år, bur på Lye og går første året på elektro på Tryggheim.

Sondre har drive litt i “bransjen” før òg: han styrte lyden i TT-koret på Bryne, og han har vore med litt i lyden på forsamlingshuset på Lye.

Han syns han har kjekke folk rundt seg i Time-kyrkja, han trivst i arbeidet - og me ønskjer han lukke til vidare!



Sondre Vassbø - ny kyrkjetenar i Time-kyrkja.



Madagaskar, med søkjelys på kamp mot fattigdom

Fattigdommen gir seg også utslag i svært dårlege vegar og manglande vedlikehald.

Bryne sokneråd vedtok på sitt novembermøte i 2025 å forlengja avtalen om misjonsprosjekt i regi av Det norske misjonsselskap (NMS) for tre nye år (2026-2028).

TEKST OG FOTO: HANS AUSTNABERG

Prosjektet heiter «Madagaskar, med søkjelys på kamp mot fattigdom», noko som er svært relevant i desse dagar. Ifølge Global Finance Magazine er Madagaskar i 2025 rekna mellom dei 10 fattigaste landa i verda, trass i store naturrikdommar. Ein stor del av dei 31 millionar menneske som bur der lever under det som blir kalla fattigdomsgrensa (opp mot 90 %), som nå er to og ein halv dollar (ca 25 kroner) om dagen.

Heldigvis skjer det ting i desse dagar, som gir grunn til ein viss optimisme. I september og

oktober 2025 var det omfattande demonstrasjonar i landet, med ønskje om betre levekår for folk, og det førte til at presidenten og regjeringa gjekk av. Nå er det innsett ein overgangspresident og ei ny regjering, som jobbar hardt for å kjempa mot korrupsjon og for at folk kan bli løfta ut av fattigdom. Det er særst interessant at den nye overgangspresidenten er medlem av den lutherske kyrkja, som NMS samarbeider med. Han er endåtil innvigd hyrde i ei vekkingsrørsle som betyr mykje for utsette og vanskelegstilte menneske.

Gjennom dette misjonsprosjektet får me vera med og fylgja den politiske utviklinga i landet. Me får vera direkte med i diakonale prosjekt for fattige, berekraftig jordbruksutdanning, helsetenester for mor og barn, og bidra til utdanning og utvikling.

Vil du be for Madagaskar i denne tida? Viss du ønskjer å gi ei gåve til misjonsprosjektet, går du inn på brynekyrkja.no. Under «Om oss» og så «misjon» kan du gi di gåve på Vipps (#642067).

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: RAGNHILD HANSEN OG SILJE MYKLEBUST

Gruppene våre er melde inn i Søndagsskolen-Norge

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som grupper i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentleg støtte ut frå kor mange medlemmer me har i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskolen. Barna kan vera medlemmar i fleire grupper i søndagsskolen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga. Husk å melde inn rett gruppe.



BABYSONG 0-1 ÅR

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong annankvar onsdag. Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman.

Påmelding via QR-kode:



SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa born i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time

og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Etter songsamlinga et me kveldsmat i lag.

Påmelding via QR-kode:
Datoar våren 2026:
12. mars, 9. april
og 5. mai



PÅSKEMYSTERIET - 1. KLASSE

Alle 1. klassingar er velkomne til å bli med oss å finna svar på det aller, aller største Påskemysteriet! Me skal løysa oppdrag og finna svar på kva som skjedde i påskeveka. Kva har eit esel med påskehistoria å gjera? Kvifor vaska Jesus føtene til venane sine? Og kor lenge låg Jesus i grava før Han stod opp igjen. Dette og mykje meir skal me finna utav. Me skal laga påskepynt og leita etter påskeegg i kyrkja. På sundagen skal me vera med på ei påkegudsteneste i kyrkja.



Datoar for påskemysteriet:

(Meld dykk på der det passar best for dykk)

Undheim kyrkje: 14. mars og gudsteneste 15. mars

Bryne kyrkje: 21. mars og gudsteneste 22. mars

Time kyrkje: 21. mars og gudsteneste 22. mars

Invitasjonar
vert sende ut.



Hovudmål for kyrkjeleg undervisning og læring

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



FÅR DU IKKJE INVITASJON I POSTEN? - BLI ABONNENT!

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Helsing frå Silje Myklebust og Ragnhild Hanssen



Silje Myklebust og Ragnhild Hanssen. Foto: Privat

TT-koret

– Koret for tweens og teens
5. klasse og oppover

Torsdagar i
partalsveker
kl. 19-20
i Bryne kyrkje



SYND

Mange har sikkert hørt historia om skuleguten som sat og kjeda seg i klasserommet medan han såg ut vindaug. Læraren i kristendom (som faget heitte før) spurde om nokon kunne fortelja kva «synd» var for noko. Guten hadde ikkje akkurat hørt godt etter, men nå retta han opp handa: «Det er synd å vera inne når det er så fint vêr ute.»

TEKST: HANS AUSTNABERG

Guten traff ikkje akkurat blink i si forståing av kva synd er for noko, men for den som har nokre år på nakken, kan svaret hans gi ei viss gjenkjenning. Det meste var synd for 50 år sidan: kino, dans, kortspel og mange andre ting. Den slags forkynning har fått mange til å venda ryggen både til kyrkje og kristendom. Men kva er då synd for noko?

I kristen språkbruk betyr synd eigentleg å «bomma på målet», gå feil veg eller ikkje treffa blink. Gud har skapt oss til å leva gode liv i kjærleik, rettferd og gode relasjonar, og synd er å bomma på dette målet for livet. Me gjer vel alle ting me angrar på, i ord, handling og haldning, og dette skadar både oss sjølve og andre. Ordet synd set namn på den erfaringa. Synd er alt som øydelegg og riv ned.

Synd øydelegg også relasjonen til Gud. Det gamle

testamentet seier at det er synda vår som skil oss frå Gud (Jesaia, kapittel 59, vers 2). Synd er altså ikkje berre einskilde feiltrinn og at me gjer imot Guds vilje; det er å velja bort Gud og gå sin eigen veg. I Johannesevangeliet seier Jesus: «Synda er at dei ikkje trur på meg.» (kapittel 16, vers 9). Synd er alt som skaper avstand og bryt ned relasjonar til Gud og andre menneske.

Evangeliet i den kristne trua er at Gud har gjort det mogleg for oss å bli berga frå synda sine konsekvensar. Det heiter tilgjeving. Då Jesus døydde på krossen, «betalte» han for menneskeslekta si synd. Jesus, den einaste som har levd eit syndfritt liv (Hebrearbrevet, kapittel 4, vers 15) tok all vår synd på seg for at me skulle bli fri til å leva det livet Gud hadde tenkt for oss.

SKAPARVERKET

HAVØRN

TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGREN

Havørna er den største av rovfuglane våre med eit vengespenn på opptil 2,5 meter. Ei havørn i flukt er eit majestetisk syn som også jærboar kan få nyta. Tidlegare heldt havørna seg helst lenger nord i landet. Ho var lenge truga av uvettig jakt, men i 1968 vart fuglen freda. Etter dette har bestanden auka, og fuglen finst no langs heile norskekysten. Sjøl på Jæren kan ein i dag finna hekkande havørnpar. Som namnet seier held havørna seg nær sjøen og lever av fisk, sjøfuglar og åtsel. Her på Jæren hender det nok at ei svane eller ei gås får kjenna på havørna sine skarpe klør og nebb! Reiret byggjer ho oftast i høge tre, - helst i ei gamal furu. Dei 1-3 egga blir klekte etter rundt 38 døgn. Mange ungar døyr av ulike årsaker i løpet av det første leveåret. Vaksne fuglar er robuste og lever lenge - kan henda opptil 50 år! Havørna er kongen langs kysten, men kongen møter



oftare og oftare truslar skapte av oss menneske. Vindmøllene er brutale. Berre på Smøla er det påvist at over 100 havørner har blitt drepne - og ein kan rekna med at mørketala er høge.

Kulturkveld

Trygve Riiser Gundersen fødd 1970 har skrive boka Haugianerne, som han fekk Brageprisen for i 2022. Han er forlagsredaktør, forfattar og foredragshaldar. Nå kjem han til Bryne for å halda foredrag knytt til arbeidet med bind 2 av dette storverket. Dette skjer 10. mars på den årlege kulturkvelden som historielaget og soknerådet står bak. Han vil denne kvelden snakka om temaet "Pietisme og haugianisme: Ein radikal revolusjon på 1700-talet.

Velkomen til ein innhaldsrik og interessant kulturkveld!

Sjå annonse lengre bak i bladet.



Foto: Siv Dolmen

MORGENRØDEN

Helt siden den første morgenrøden
har vi mennesker fryktet denne døden.
Vi vet ikke hvor og hvordan det ender,
utenom at livet vårt er i Herrens hender.

Jeg undrer også på hva som skjer
når livet til slutt ikke skal leves mer.
Møter jeg andre jeg kjente fra før,
eller blir alt nytt med en gang jeg dør?

Det er så mye jeg ikke fatter og forstår,
men til slutt er det bare Herren som rår.
Om min tro er så liten som et sennepsfrø,
er håpet mitt stort nok til å takle å dø?

Nå lever jeg her som en moden mann
som vet at tiden min renner ut i sand.
Livet mitt består av så mange minner
som etter døden muligens forsvinner.

Jeg tror på en frelser som kom til vår jord,
som viste oss vei ved å sette sine spor.
Hva mer i dette livet kan jeg så kreve?
Takk, Herre, for livet jeg fikk lov til å leve.

21.11.2025

Kåre Hetland jr.

MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråttet
og Meierigata



FRETEX butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumper av stearinlys.

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".

Vi har slutta med møblar.

Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

KVELDSGUDSTENESTER

Bryne kyrkje | Våren 2026

Alle gudstenester startar kl. 19



Tru og håp

Sundag 1. mars

Unge på veg mot tru?

Øivind Holtedahl, sokneprest i
Domkirken og St. Petri

Lars Sigurd Tjelle og Per Olav Egeland

Musikk: Rune Grinde Pedersen,
harpegitar

Sundag 19. april

Tru og håp i kvardagsliv

Heidi Strand Harboe,
poet og salmediktar

Lars Sigurd Tjelle og Per Olav Egeland

Musikk: John Gravdal

Velkommen til kveldsgudstenester

med føredrag, god musikk, nattverd og bønnevandring



Tacofredag i Bryne kyrkje

Fredag 13. mars

kl. 17-19

- Taco for heile familien.
- Samling og aktivitetar for barna.
- Kaffipause og drøs for dei vaksne.
- Tilrettelagt for barnefamiljar, men alle er velkomne.
- Veldig kjekt om akkurat DU kjem!

Hugs påmelding på:

www.brynekyrkja.no

Eller bruk QR-koden:



Bryne
Kyrkja

Sundagstreff i Bryne kyrkje våren 2026

Datoar for våren, merk dei av
på kalenderen din:

Sundag 8. februar kl.18.00

Sundag 15. mars kl. 18.00

Sundag 12. april kl.18:00

Torsdag 7. mai blir det grill-
fest! Det blir sendt ut eigen
invitasjon med tid og stad.

PROGRAM:

Kl.18.00: Ringleik & allsong +
kaffi & drøs i kyrkjestova

Kl.19.00: Gudsteneste i
kyrkjesalen.

Arr. er tilrettelagt for alle
funksjonsnivå.

Kvinnernes internasjonale bønnedag 2026

Fredag 6. mars

Tema: "Eg vil gje dykk kvile, kom!"

Temaland: Nigeria

Fotland bedehus kl.14 Andakt v/Margit Hunemo.

Song og musikk v/Kari Nævra Ree

Bryne kyrkje kl.19

Andakt v/Aslaug Austbø.

Song og musikk
v/ songgruppa Shalom

Kollekt og servering.

Velkommen til
fellesskap og bøn!





KVINNER I KLASSISK MUSIKK

JÆREN SYMFONIORKESTER, DIR. TIMOTHY MILLER

SONGGRUPPA SHALOM

PER OLAV EGELAND, ORGEL

BRYNE KYRKJE, LØRDAG 7. MARS KL 18:00

Musikk av bl.a. Maren Elise Ingeberg, Hildegard von Bingen, Pauline Hall, Anne Kristine Røthing, P Hindemith, A Guilmant

BILLETTAR: 200 / ungdom 16-20 år 150 / barn u. 15 år gratis

LINTICKET:



Torsdags-treff

Triveleg samvær i kyrkja for målgruppa +/- 60. Det blir kåseri, matservering, songstund og andakt kvar gong. I Bryne kyrkje kl: 1430-1630.

Datoar med program:

19. februar Rolf Heskestad kåserer om "livet i osten" Matservering, songstund og andakt

19. mars Helga Johannessen kåserer frå Madagaskar.

16. april Ingar Kvía fortel om arbeidet i Haydom.

21. mai Kari Ree blir med på song/musikkmøte



Innvandrartreff våren 2026

Kvar tysdag (unntatt tysdag 24. mars) Kl. 19:30–21:00

Datoar våren 2026

3., 10., 17. og 24. februar

3., 10., og 17. mars

7., 14., 21., og 28. april

6., 12., 19. og 26. mai

(NB! Det blir grillfest 26. mai)

NB! Er du nysgjerrig og vil vita meir? Ta kontakt med diakon i Time:

Maria Praxedes Slettebø

mobil: 980 28 690



Pietisme og haugianisme: Ein radikal revolusjon på 1700-talet

Kulturkveld i Bryne kyrkje tysdag 10. mars kl.19

Føredrag ved Trygve Riiser Gundersen

Allsong, korsong og musikk v/ Blandakoret Jærklang og Time kulturskule

Kaffipause

Litt om prestar og kyrkje i Time på 1700-talet

Inngangspengar: Kr.150,-

Arrangør: Time historielag og Bryne sokneråd



Velkommen til OPEN KYRKJE



**Alltid første måndag i
månaden kl. 18:00-20:00.
Kveldsbøn kl 19:00
Stad: Kyrkjesalen i Bryne kyrkje**

Datoar våren 2026:

2. mars
13. april
4. mai
1. juni

Open-kyrkje-kafé

Kyrkjestova i kjellaren i
Bryne kyrkje. Kl. 18:00-
20:00. Enkel bevertning,
programinnslag og god
drøs kvar gong. Følg
med for annonsering av
programinnslaga.

Datoar våren 2026:

2. mars, 13. april,
4. mai, 1. juni



Barnekoret i Brynekyrkja

Frå 4 år- 4 klasse

Torsdagar i
partalsveker
Kl. 17.30

Etter øvinga er det
kveldsmat til alle i
kjellaren



LEIF JONE ØLBERG

PÅSKEKONSERT



BRYNE KYRKJE – TORSDAG 26.MARS KL 1900

FORHÅNDSKJØP: WWW.MELODYPIPE.COM
KONTANT/VIPPS I DØRA: 300,-

Dåp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim



BØNEHUS

Måndag i oddetalsveker er alle velkomne til opne bønesamlingar i kyrkjerommet.

Morgonbøn kl. 10:00, Me samlast i «enkelhet og glede» Opplegget varer ca 20-30 minutt med faste bøner som vert lesne, veksellesing frå Bibelen, enkel song og stille. Ingen krav - men ein stad å koma for å søkja Gud - åleine, men òg i lag. Ver så lenge du vil og har tid. Stopp gjerne igjen om det vil vere godt å få forbøn, eller bare for å ta imot velsigning.

Ca lunsj-tid set me oss ned med nistepakke og sosialt.

Kveldsbøn kl. 19:00 same dag, med tilnærma same program. ca 20-30 minutt. Tidebøn for kvelden. Faste bøner, veksle-lesing, enkel song, fred og stille. Muleg å få forbøn og verta velsigna her òg, men utan niste og kaffi.

Bibelen har utruleg mange løfte knytte til bøn. Og i ei tid som denne, i ei uroleg og usikker verd, treng me ekstra å koma saman. På Undheim er der mange som har bedd opp gjennom åra.

Mange kan fortelja om fine bønesvar, mange har vorte friske etter forbøn, og mange har sterke opplevingar når det kjem til det å be. Gud er aktiv gjennom sin Heilage Ande og Ordet sitt i dag òg. Den same krafta som reiste Jesus opp frå grava er like sterk i dag.

Velkomne til bønefellesskap i Undheimkyrkja!

«Samtalekveld» er eit flunkande nytt tilbod til deg som

- lurar på om cellegruppe er noko for deg
- ikkje rekk å setja av ein kveld fast annakvar veke
- har lyst å snakka om undervisninga me høyrde på gudstenesta
- har lyst å bli kjend med nye folk

Kveldane tek utgangspunkt i det som er tema-overskrift for våren 2026 i Undheim kyrkjelyd: "Øvingar langs Vegen for praktikantane til trua".

Me ser på ein liten filmsnutt med undervisning og snakkar ut frå den.

Bli med éin gong eller alle gongene. Inga påmelding. Ingen føresetnad å ha vore på gudsteneste.

Du treffer anten på Nadine Vaagen, Maria Praxedes Unlayao Slettebø eller Håkon Rettedal Losvik som leier samtalen.

Datoene til våren blir: 2. februar, 16. februar, 2. mars, 16. mars, 13. april, 27. april, 11. mai

Velkommen innom!



Undheim-presten tar etterutdanning i "Åndelig rettleiing"

Det inneber ei unik moglegheit for deg å testa ut "åndeleg rettleiing". Heilt gratis.

Om du tør å vera prøvekanin, ta kontakt med Nadine Vaagen (tlf. 413 91 649).

Kva er "åndeleg rettleiing"?

Åndeleg rettleiing har som mål å hjelpa deg å oppdaga kvar og korleis Gud er



verksam i livet. Den tek utgangspunkt i erfaringane til den enkelte med Gud gjennom bønn og elles i livet. Det må ikkje forvekslast med krisehjelp, rådgiving eller terapi.

Den som søker rettleiing, blir tilrådd å setja av dagleg fokustid med Gud/bønn med etterfølgjande refleksjon over kva som skjedde. Refleksjonsnotata kan vera utgangspunkt for samtalen.

**GRØN
DAG**

Kyrkjeparken ved Undheim kyrkje
Laurdag 2. mai kl.11.00-13.00.
Plantesal og kafé.
NMS i Time



STRIKKEKAFÉ

På Lye forsamlingshus

Torsdagar 19.30-21.30

22. januar, 12. februar og 19. mars
i 2026.

Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske
Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Pizzakveld fredag 20.februar

16:30

Velkommen til ein kjekk kveld
for folk i alle aldrar!

Godt selskap, god mat, god drøs!

Påmelding:

til Praxedes på 98028690
eller via QR-koden:



DEN NORSKE KYRKJA
Undheim sokn

Laust og fast

Laust og fast er eit ope
arrangement for alle som har
anledning til å komma

Innhaldet og arrangementet er retta mot
dei som er 60+. Det kjem folk frå heile
distriktet vårt.

Me syng i lag, har noko å bita i, høyrer på
ein invitert foredragshaldar og har eit ord
for dagen.

Laust og fast varer frå 14.00 til 16.00, og me
held til i kjellaren i Undheim kyrkje. Det er
eigen inngang nede på sørsida.


Program våren 2026:

- 21.01: Annvor Kyllingstad
Undheim, psykiatrisk sjukepleiar
- 18.02: Kjell Olav Stangeland.
- 18.03: Floriss, Bryne lagar dekorasjoner
- 15.04: Sjur Håland

HelgeKryssord 1/26

LAGA AV: GABRIEL TENGSAEID

Hjernetrim



Vassrett

1. Om å vera trygg..
Sjå Jes. kap. 41
14. Aleine
17. Endeleg
21. Norrøn
23. Fugl
26. Røyter
27. Kvinnenamn
28. Høva med
29. Driftsbygningar
30. Sjukdom (kortord)
31. Edelgass
(kj.teikn)
32. Robuste husdyr
36. Landområde
37. Frysa
38. Likt begge vegane
39. Skrik
41. Profet i GT
43. Ideell organisasjon
44. Pavenamn
46. Pronomen (omv.)
47. Stong
49. Rubidium
51. Fuglen
53. Vasar

55. Oval
56. Malm
57. 507
59. Sjøfel
61. Elv
62. Nabobokstavar
(omv.)
64. Handling
66. Dugleiken
67. Juv/foss ved
Saraelva
68. Herma
70. Gresk bokstav
71. For eks.(fork..)
72. Massera
73. Gjer klar
76. Utsjånad
78. Topp
79. Tone
80. Framleis
81. Ro
83. Tukta
84. Kj.teikn (metall)
85. Setja til livs
86. Eg sjølv

Loddrett

1. Nabobokstavar
2. Landleg
3. Spira
4. Venstre best
5. Hodyr
6. Butikkmedarbeidar
7. Fibertilskota
8. Adelsmann
9. Eventuelt (fork.)
10. Hest
11. Like konsonantar
12. Kolossal
13. Hamneby i Europa
15. Skamfara
16. Stonga.
18. Kan kalender vera
19. Anslå
20. Store fuglar
22. Duft
24. Stoff
25. Stakkar
33. Teikn
34. Fugl
35. Plyndring
36. Drøvtyggarorgan
40. Pålegg



Løysing til HelgeKryssord 5/25

42. Gamal karakter
45. Verdsdel
48. Psykisk lidning
50. Flamme
52. Busk
54. Landet
58. Vifta
60. Treet
63. Slit

65. Filmsal
69. Naturområde
74. Renn
75. Landstripe
76. Stirer
77. Pronomen
82. Side



Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gåte:

Veit du
kva som går
opp når den
går ned?
Glidelåsen!


Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn.
Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?


Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland




Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00

Vits:

Hvis du kallar
meg liten éin gong
til, så hoppar eg
opp og bit deg
i kneskåla!





GRAVLAGDE

November


Jomar Lende
Knut Kristian Aalgaard
Petra Synnøve Salte
Kirsti Sandved
Arny Hetland
Eli Sørskog
Kornelius Orre

Desember


Björg Sviland
Gro Eli Ueland
Ingeborg Aud Ødegård
Helge Martinsen
Rudolf Erwin Sattler
Hedvig Frøyland
Gunvor Agnes Sikveland
Petra Rosland
Gustav Grastveit
Margit Kristine Hadland
Erna Mathilde Stabel
Torunn Elisabeth Helgeland

Januar

Leif Bjørn Espeland
Lidunn Judy Øgård
Thorfinn Bryne
Bergljot Haukås
Anne Kate Puntervold
Kari Håland Kleppe
Björg Helene Bryne



VIGDE



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

09.11.25 Gabriel Sæbø Haver
Nuel Matteus Ree
21.12.25 Even Tjessem Andreassen
Cornelius Sandve Stokdal
04.01.26 Else Braut Opshaug
Viggo Bryne
11.01.26 Sara Pollestad Wærslund
Olav Bjørnevik Sivertsen

TIME KYRKJE

15.11.25 Tor Fotland Løyte
Oline Torp Skretting
30.11.25 Iben Haugland
Emilie Nødland Bekkum
Astrid Malde
25.12.25 Marlon Andreas Grødem
11.01.26 Vilde Hansen Ims

UNDHEIM KYRKJE

09.11.25 Eira Bøe Reinertsen
Dag Helmer Undheim
16.11.25 Hermine Nevøy-Sørli

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

29.11.25 Olai Byberg Skode
Sund kyrkje



NOVA

BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no

Møyfrid
Hersdal og
Hanne Brit
Sandsmark



3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Aase

Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

Dåpskjole til gratis utlån på kyrkje-kontoret

Berre å henta og levera
Ring 51 77 03 77 - kyrjekontoret,
i Erlandsbakken 6
Kyrjekontoret ordnar reingjering.

EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	REMA 1000 Håland
EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS eK Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	Sjekk Punkt www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS Prestegardmarka 1 4340 Bryne
Rogalandshus	VB Bryne Rør	Bøgh Hafoø BILSALE - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT
for syns skyld OPTIKK & SYN Storgata 40 Bryne - Tel: 51 48 80 04	Renovasjons- service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44 e i k h i	haver Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50

Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne.
Gruppene er livssynsopne.

Det finst tilbod om å delta i sorg-støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med:
diakon i Bryne: mh336@kirken.no
diakon i Time og Undheim: ps453@kirken.no
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77.

Velkommen til å melda deg på.



Velkomen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i jærbladet for oppdatert informasjon.



Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Søndag 15. februar		Fastelavnssøndag	Joh 17,20-26
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Laurdag 21. februar		Laurdag etter fastelavns-søndag	Joh 17,20-26
Time kyrkje	12:00	Dåpsgudsteneste	Dåp
Søndag 22. februar		1. søndag i fastetida	
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd
Søndag 1. mars		2. søndag i fastetida	Matt. 15, 21 - 28
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste	Nattverd
Søndag 8. mars		3. søndag i fastetida	Luk 11, 14 - 28
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste med Familiefokus	Nattverd
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Søndag 15. mars		4. søndag i fastetida	Joh 11, 45 - 53
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste for store og små	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Søndag 22. mars		Maria bodskapsdag	Luk 1, 26 - 38
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste for store og små med påskemysteriet	Nattverd
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste med påskemysteriet	Nattverd
Søndag 29. mars		Palmesøndag	Joh 12, 12 - 24
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule

